

## US 51/10 Balansert Omstilling for Utvikling (BOFU)

---

ePhortesak:	10/1459	Saksansvarlig: ressursdirektør John B. Møst
Møtedag:	10. juni 2010	Informasjonsansvarlig: ressursdirektør John B. Møst

---

### Saken gjelder

Oppfølging av prosjektet "Balansert Omstilling for Utvikling", ut frå dei pålegg og styringssignal som kjem fram i styresakene 122/09 og 06/10.

### Utgreiing.

Det er to viktige aspekt av BOFU, nemleg å få balanse i økonomien og handlingsrom til å oppfylle strategien og handlingsplanane. Alle dei ulike einingane har gjort mykje godt arbeid, men det er kompliserte prosessar, og universitetsdirektøren har fått meldingar frå alle om at det krevst meir tidfør tiltak er endeleg gjennomført med økonomisk effekt, sjå og tertialrapporten for fyrste kvartal i sak 50/10.

Sentralt har direktøren gjort grep for å redusere bruk av årsverk og for å utvikla gode reiskapar for fagleg styring, økonomistyring og oversikt. Dette er ein prosess med sikte på å nå dei definerte måla i haust.

Fageiningane har mange prosessar på gang, og det er tydeleg at økonomi og strategiske mål ligg til grunn for val av tema.

### Vurdering:

Universitetsdirektøren aksepterer at det vil gå med tid, men legg til grunn at det vert arbeidd målmedvite, og så raskt som råd. Ut frå det ligg det i saken nye tidsrammer for ein del prosessar. Denne saken er difor dels ein statusrapport, og dels ei presisering av retning i arbeidet. Universitetsdirektøren legg opp til at meir data om utdanningane sine kostnader må skaffast til veges, som grunnlag for strategiske val om og dimensjonering av verksemda. Dette vil direktøren kome attende til styret med, når høveleg informasjon ligg føre.

Universitetsdirektøren legg fram for styret framlegg til vedtak i ein del prinsipielle spørsmål som har utkrystallisert seg i prosessen, som nedbemanning på TN, språkfaga på HF, omstilling på SV og rammevilkåra for AM.

### Framlegg til vedtak:

Under føresetnad av at museet held rammene framover får dei tida til og med 2014 med å redusera med ytterlegare 4 årsverk. Skulle ramma for universitetsmuseum betra seg i perioden, kan dette revurderast. Skulle museet ikkje makta å halde rammene, må utfasinga gå raskare.

HF vert pålagd å levera ei utgreiing om organisering av alle lærarutdanningar, med fellesbruk av kurs og emne i så stor grad som råd, og i tillegg ei vurdering av organisasjonsmodell innan 01.11.10.

Styret legg ned årskurs i tysk, spansk og fransk ved UiS. Med utgangspunkt i rapport frå framandspråkmiljøet oppretter universitetsdirektøren eit prosjekt knytt til nettgrunna språkutdanning, EVU og språk som valfag for å sikra at kunnskap om feltet vert vidareført i samvirke med andre universitet.

Det vert sett av kr 700.000 til arbeid med effektivisering av praksis i helsefaga med minimum 3 stillingar, og kr 300.000 til gjennomføring av reduksjon av tal emne i sosialfag med 20%.

SV må leggja fram ei oppdatering av BOFU-tiltak pr 01.11.10, der og effekt og tidsramme er inkludert for kvart deltiltak.

TN må halda fram arbeidet med å fase ut 5-stp-emne, førebels med det mål at høgst 20% av emneporteføljen er på 5 stp innan 01.01.13.

TN skal redusere talet på teknisk-administrativt tilsette til 24, og overføre 8 av desse 24 til ekstern finansiering innan 01.01.12.

Stavanger, 01.06.2010

Per Ramvi  
universitetsdirektør

## Styresak 51/10: Balansert Omstilling for Utvikling ( BOfU)

### Utgreiing.

Universitetet i Stavanger har over fleire år lagt opp til ei fagleg utvikling i samsvar med universitetsstatusen. Dette har omfatta auka satsing på forskning og doktorgradar, auka studenttal( i hovudsak knytt til mastergradsutdanningar) og styrking av det administrative apparatet for å handtere auka og meir komplisert verksemd. Parallelt med dette har rammevilkåra i u/h-sektoren vorte strammare. Som ein konsekvens av denne aktiviteten har det økonomiske handlingsrommet for UiS vorte monaleg svekka. Styret har på tilråding frå universitetsdirektøren iverksett eit prosjekt for å betra økonomien og sikra eit godt handlingsrom for realisering av UiS sin strategi og fageiningane sine handlingsplanar

Prosjektet er handsama i styret fleire gonger, i sakene 78/09, 122/09, 06/10 og 29/10.

Alle einingar har fått krav om å rapportere på stoda for BOfU pr 010610, og dei har alle levert naudsynt materiale. Sjå vedlegg. Rapportane føl opp brev frå universitetsdirektøren til dei ulike einingane. Desse breva låg som vedlegg til styresak 29/10.

Arbeidet med BOfU er sterkt innvevd med økonomioversikt og økonomianalyse ved UiS, og rapportering går i takt med økonomirapportering. Denne saken må difor sjåast i samheng med tertialrapporten for første kvartal for 2010.

BOfU går over tre år, og rapportane her må sjåast i lys av dette. Saken har 5 vedlegg, eit for kvar fagleg eining og eitt samlevedlegg for stab- og støtteiningar.

BOfU har på den eine sida eit spareaspekt, på den andre eit utviklingsaspekt og på den tredje sida eit kontrollaspekt. Det første for å finna att god balanse, det andre for å målretta merksemda i strategisk retning, og det tredje for å sjå til at prosessane er greie og rammene vert styrande.

Arbeidet med BOfU har synt at dette er gode innfallsvinklar å vurdere verksemda ut frå. I det høve er det også gjort mykje arbeid, til dømes

- Utvikla ein ny modell for å fordela budsjett
- Betra styring, oversikt og økonomi i prosjektverksemd
- Utvikla system og malar for oversiktar over årsverkbruk, og i forlenginga av dette, reglar for styring av dette på alle nivå.
- Nye, opne system for å sjå korleis ein faktisk nyttar ressursane, både aggregert og ned på individnivå, til forskning, undervisning og formidling
- Nye krav til sakshandsaming av fagutvikling ( oppretting og revisjon av studier), der kostnadsoversikt og risikovurdering skal sterkare med før endelege vedtak vert gjort.
- Meir eintydige reglar for ressursrekning knytt til undervisning og utdanningar som gjer det enklare å vurdere kostnad.

Som ein ser ligg det her eit stort arbeid som er godt i gang ut frå vedlegg 1. Desse overordna tiltaka gjer styring og leiing enklare utan å hemma høvet til endring, utvikling og strategiske val, dei er der for å sikra optimale val.

### Vurdering

Universitetsdirektøren er i det store og heile nøgd med prosessane som går. Både pengebruk og tal tilsette synest vera lågare enn det ville vore utan prosessen. Sidan årsskiftet har vi for fyste gong på lenge redusert tal tilsette! Det er og tydeleg at medvitet om BOfU og trongen for BOfU er meir utbreidd i organisasjonen. Det er og tydeleg at dette er komplisert, og at det vil ta tid. Det er likevel grunn til å merkja seg det som kjem fram i saka om tertialrapport for rekneskapen, nemleg at sjølv om vi har dempa den uheldige utviklinga, har vi enno ikkje snudd ho.

**Stab og støtte.** Stabseiningane har alle fått effektiviseringskrav gjennom pålegg om redusert mannskap og auka oppgåver. Dette er implementert, eller vil vere på plass før 01.01.11.

UiS Plus, eininga for EVU, er pålagt krav om å vera sjølvfinansiert innan 2012. Universitetsdirektøren ser at dette kravet er utfordrande, men legg til grunn at det vil lukkast. For å få det til er eininga avhengig av auka samvirke med fageiningane

### Sentrale tiltak.

- Sluttordningar. Her er universitetet si leiing og organisasjonane samde om kva slag tiltak som kan nyttast, men det er noko usemje om innrettinga. Medan leiinga vil nytte slike sluttstimulerande tiltak spesifikt retta

mot grupper som det er tenleg å redusere, meiner einiskilde organisasjonar at dei bør gå ut som tilbod til alle. Sluttordningar er innaføre direktøren si fullmakt, og vil verte nytta slik dei best fungerer for heilskapen i verksemda.

- Årsverk-og ressursbruk-kontroll. Her ligg det føre framlegg frå AØV og PA, men saka må drøftast både med organisasjonane og dei øvste leiarane. I hovudsak vurderer ein å sette avgrensingar på kor mange som kan tilsetjast i dei ulike einingar. Universitetsdirektøren har innført dette for Stab og Støtte, og har som mål å utvida dette til heile UiS. I tillegg arbeider personaldirektøren med eit nytt ( IT-basert) system for arbeidsplanlegging og registreringar på undervisningsressursar.
- Opne system for å rekna kva nye utdanningar kan kosta, og kva som er rimeleg ressursbruk og dimensjonering for eksisterande utdanningar og einingar. Her er mykje arbeid gjort, men det trengst meir innsats på sameining mellom dei ulike modellar som er i bruk i dag.
- Gje hjelp og støtte til fakulteta i arbeidet med å kostnadsrekna utdanningane.
- Sterkare krav til samanheng mellom økonomi og fagutvikling, med pålagd kontroll i handsamingsprosessen, til dømes i Utdanningsutvalet. Utdanningsdirektøren har i sak 33/10 fått nye reiskap her, og praksis vil syne seg ut over hausten.
- Reduksjon i omfang av vurdering/eksamen. FREs/ESS har ansvar for å driva prosessen, men hovuddelen av arbeidet vil liggja i fageiningane som må redusera tal emne, tal skriftlege prøvar og finne modellar.
- Prosjektstyring og prosjektøkonomi. AØV arbeider med betre system for å halda oversikt og kontroll med prosjekt når det gjeld framdrift og økonomi. Parallelt med dette arbeider dei med framlegg til nye overheadsatsar for prosjekt.
- System for å fasilitere betre fellesbruk av emne i utdanningar på tvers av einingar. Utdanningsdirektøren legg fram ei utgreiing i november.
- Oppdatering og revisjon av "Delegasjonshåndboka" i samband med både BOfU og ny styringsmodell.

**Arkeologisk museum.** Museet vart utfordra på samla kostnad, på inntekspotensiale, på fagleg verksemd, på tilhøvet til Stiftinga Jernaldergarden og på det faktum at dei har monaleg fleire fast tilsette enn basisløyvinga strekk til.

Museet har lagt fram eit godt dokument, der dei legg opp til å gå i balanse i dei neste tre åra, samstundes med at dei og skal spara inn overforbruket i 2009. For å få dette til, føreset dei å kunne tena minst 16.5 millionar ut over statsløyvinga. Dette er lågare enn gjennomsnitt av dei siste åra, men sikkert fornuftig i og med at marknaden deira er knytt til offentleg og privat byggjeverksemd som har uvisst omfang framover grunna vanskelege økonomiske tider. Dei reduserer med tre stillingar i 2010, noko som minskar risiko.

På den andre sida er det og mogleg for museet å auka inntekter knytt til ulike statlege tiltak for sikring av samlingar ( dei fekk nett 800.000 til dette i 2010), til endra finansieringssystem for oppdrag, til enklare veg til forskningsfinansiering gjennom særlege program for museumsforskning. Museet peikar på dette, utan å forskottera det i sine oppsett. Slik vert det ein buffer som er god å ha, men ikkje noko dei er avhengige av.

Museet har eit stort omfang av eksternt finansierte prosjekt. Desse fører til trong for auka fysisk infratraktur og fleire tilsette, som er føresetta finansierte av overhead på prosjekta. I dag går det greitt, men skulle den tid koma at overhead-midlar vert disponert annleis, eller inntekta går ned har museet eit problem.

Museet argumenterer for at prognosane eit par år fram i tid, og røynsle frå tidlegare år tilseier at dei kan finansiere den staben dei har i dag. På den andre sida fører det til auka risiko når så mange av desse tilsette knytt til eksternt finansierte verksemd og er fast tilsette. Med redusert eksternt finansierte verksemd vil det kunne verte større kostnader enn inntekter. På sikt har difor museet som mål å redusera trongen for slik inntening. Dette kan løysast på fleire måtar, og det må skje over tid. Men universitetsdirektøren meiner framleis at ein vidare reduksjon av fast tilsette bør halda fram, men er viljug til å tilrå at dette får eit noko lengre tidsperspektiv, slik museet sjølv peikar på.

Under føresetnad av at museet held rammene framover bør dei få tida fram til og med 2014 med å redusera med ytterlegare 4 faste stillingspliktingar for å få betre balanse mellom faste tilsettingar og faste inntekter. Skulle ramma for universitetsmuseum betra seg i perioden, kan dette revurderast. Skulle museet ikkje makta å halde rammene, må utfasinga gå raskare.

Jernaldergarden er ein viktig og integrert del av AM si verksemd, som gjev god profilering og stort tilfang av gjester. Men når det gjeld stiftinga Jernaldergarden, meiner universitetsdirektøren at museet må vurdere selskapsforma og økonomistyringa. Direktøren ventar at AM saman med AØV legg fram ei meir utfyllande utgreiing om dette i høve til økonomi og organisering innan 01.11.10

Universitetsdirektøren er godt nøgd med museet sitt arbeid, som viser at dei tek innsparing og budsjett disiplin på alvor.

**Humanistisk fakultet.** HF vart utfordra på studieportefølje (omfang og samkøyring), administrativ kostnad, organisering, og reduksjon av stab.

Fakultetet har store utfordringar fordi dei i dei siste to åra har nytta meir pengar enn dei tener. Etter 2009 var samla overforbruk på 4.6 mill, og fakultetet vil etter eigne prognosar ikkje makte å tene inn noko av dette i 2010. I tillegg har fakultetet ei større omlegging av lærarutdanningane føre seg, med uviss ekstra kostnad. På den andre sida er det positivt at prosessen går rette vegen, og at forbruk i 2010 vert monaleg mindre enn i 2009, slik at akkumulert overforbruk truleg ikkje aukar.

Fakultetet har utdanningar staten forventar vi skal driva med, som allmennlærer-, førskulelærer- og praktisk-pedagogisk utdanning. Ut over dette har fakultetet mange utdanningar på bachelor-, master- og phd-nivå. Desse kan alle vurderast i høve til utfasing for å nå balanse i rekneskapen, pluss betre fridomsgrader ( større prosentdel av løyving som ikkje er bunden til lønn). Men det at utdanningar kan fasast ut tyder ikkje at dei bør fasast ut, sidan porteføljen er ein integrert del av handlingsplanen til fakultetet. Difor må fakultetet gå gjennom ein prosess med tanke på å utarbeide ei prioritert oversikt over kva utdanningar som kan gå ut. Så lenge ein ikkje reduserer utdanningsaktivitet, vil ytterlegare overforbruk vere ein overhengande fare. Alternativet, som er å tyna alle, er lite ynskjeleg, fordi det gjev lågare kvalitet på utdanningane og dermed mindre nøgde studentar og lågare gjennomstrøming. I denne saka vert det beste fort det gode sin fiende. Det ideelle målet om at alle institutt skal ha ein mastergrad er mellom anna med på å skapa underskot på IMD og å gjera økonomien strammare enn han treng vera på andre institutt. Stoda er diverre slik at ideelle mål tidvis må vika for grimme, økonomiske realitetar.

Universitetsdirektøren finn det difor rett at fakultetet kostnadsrekner desse utdanningane og gjer ei strategisk vurdering av dei opp mot økonomiske rammer.

IMD( musikk og dans) vil i dei første to åra ha stort underskot grunna auka studenttal som ikkje gjev inntekt før i etterkant. Fakultetet søker difor om omstillingsmidlar til å koma over kneika. Universitetsdirektøren meiner fakultetet bør vurdere mellombels reduksjon på mastergrad i klassisk musikk i staden. Det er tross alt fakultetet sjølv som har meldt at dei kan bera desse utdanningane innaføre ramma. På den andre sida er auka aktivitet eit godt tiltak, og universitetsdirektøren er innstilt på å støtta tiltaket med inntil 1.5 mill, kr 750.000 i 2010, og kr 750.000 i 2011. Føresetnaden er at kalkylar syner at dette gjer at instituttet kjem i økonomisk balanse.

Dekanen har vidareført sin plan om reduksjon av tal tilsette med 19, i samsvar med styrevedtaket i sak 122/09, og direktøren ser at skal fakultetet tilbake til god økonomistyring er dette naudsynt. Han stør difor dekanen sin plan på dette punktet.

Styret har pålagt fakultetet å vurdere organiseringa si. Her har arbeidet kome kortare enn forventa, for organisering heng tett i hop med verksemd. Fakultetsleiinga har no klårt sagt at fakultetet er eit lærarutdanningsfakultet, og det styrar nok mykje. Det ligg ved styrepapira ein undervegsrapport om dette, og universitetsdirektøren ventar ein endeleg rapport innan 01.11.10.

Ei anna utfordring for fakultetet, som strengt teke ikkje er eit BOfU-prosjekt, er departementet si innføring av delt lærarutdanning for grunnskulen. Men det heng jo i hop, sidan dette er ei dyrare løysing enn den gamle. I 2010 er ikkje problemet stort, sidan det er tre årskull etter gamal ordning og berre eitt etter ny ordning, men på sikt må dette følgjast opp. Det viktigaste ut frå BOfU-synsstad er at det må gjerast val om korleis ein kan få god synergi og fellestema mellom utdanningane. Skulle staten auka løyvingane til lærarutdanning, vil dette få innverknad på kravet til reduksjon av tal tilsette, men først etter at meirinntekt er faktisk sikra.

Fakultetet har to phd-utdanningar. Desse gjev eit samla årleg underskot på om lag 4.8 millionar. Universitetsdirektøren ser at dette er strategisk viktig for fakultetet, men finn det likevel rett at fakultetet ser nøye på moglege gevinstar gjennom sterkare samkøyring. Universitetsdirektøren vil og minna om at eit slikt strategisk val krev desto betre inntening på anna aktivitet.

**Språkfag.** Det har vore eit særskilt utdanningsprosjekt som har vore i fokus i år, og det er språkfaga tysk, fransk og spansk. Med svært dårleg studenttilfang, og enda dårlegare kandidatproduksjon har dei i fleire år kosta mykje meir enn dei tente inn. Dekanen ynskta difor å fasa dei ut og omplassera dei tilsette, men styret meinte dei burde få eit høve til å syne at dei kunne snu seg og betra dette, særleg sidan språk vert sett på som viktige fag for eit universitet å tilby. Ei særleg oppnemnd gruppe har arbeidd med dette i fleire månader ( sjå vedlegg 4). På tross av god innsats og mange framlegg til nyvinningar har dei diverre ikkje lagd fram alternativ som syner betre inntening. Sjølv det mest optimistiske overslaget dei sjølv lagar syner berre 63% inntening. Hovudinntekta, vonar dei sjølv,

skal koma frå lærar/lektorstudentar som tek 60 stp i eitt av dei tre språkfaga. Men å leggja til grunn at dei får opp mot 80 studentar som i hovudsak skal rekrutterast frå om lag 100 lærar/lektorstudentar er svært urealistisk. For desse 80 skal då velja andrespråk som årsfordjuping i konkurranse med alle andre skulefag. Ei enkel risikovurdering syner at det er stort sannsyn for at innteninga vert svært dårleg.

Universitetsdirektøren har det syn at på tross av språkfaga sin plass i kulturarven, kan dei over tid ikkje haldast oppe i eit fakultet på underskot. I landet som heilskap er det overskot på studieplassar i språk, slik at ei nedlegging hjå oss vil slik sett ikkje ha negativ effekt. Det har heller ingen innverknad på universitetsstatusen vår. Universitetsdirektøren står difor dekanen sitt framlegg om å nedleggja årskurs i fransk, tysk og spansk og å fasa dei tilsette ut, primært gjennom omplassering. Fakultetet opplyser at av dei sju involverte fagfolka vil ei avslutte engasjementet sitt til sumaren, fem har fått andre oppgåver i neste studieår, og den siste som må undervisa i spansk eitt år til (toårig deltid frå 2009) kan enkelt omplasserast i 2011.

Fakultetet peikar på at eventuell vidareføring av språkfaga, heilt eller delvis, krev at dei får auka løyving tilsvarande kostnaden fakultetet har med faga. Universitetsdirektøren finn ei slik løysing lite ynskjeleg, sidan det vil vere å sementere ei stode som eigentleg krev endring. Det er feil bruk av omstillingsmidlar. Direktøren er medviten om styret sitt ynskje om å taka i vare faga. Diverre er det då ikkje andre alternativ for å nå balanse i budsjettet enn å leggja ned andre fag og emne med betre inntening for å makta det. Når personkabalene no i tillegg kan gå opp, er det eit godt økonomisk grep å fasa dei ut. Då kan omplasseringane gjerast permanente. Direktøren vil difor tilrå at styret legg ned årskursane. Breiddefaga i lærarutdanninga har enno ikkje vore handsama, og er difor formelt sett ikkje oppretta.

Universitetsdirektøren ser på den andre sida at det er gjort mykje arbeid med nettgrunna språkopplæring som kan nyttast anten i samvirke med andre universitet, til etter- og vidareutdanning eller fagspesifikke emne inn i andre fakultet. For å sikra at dette aspektet vert vidareført meiner direktøren at eit prosjekt med sikte på å dokumentere og utvikla nettundervisning som SAK-prosjekt (SAK=Samvirke, Arbeidsdeling og Konsentrasjon) vil vere tenleg. Universitetsdirektøren vil difor i samråd med dekanen på HF vurdere å nytte inntil 1.5 mill på dette over tre år, i hovudsak for å fasilitera prosjektleiing.

**Det samfunnsvitskaplege fakultetet.** Fakultetet vart utfordra på reduksjon av årsverk, studieportefølje, auka optak og effektivisering av praksis.

Fakultetet går samla sett i økonomisk balanse, men har interne utfordringar med eitt institutt med overlag god økonomi, og fire med trengt økonomi. IH (helsefag) og IS (sosialfag) styrer nok mot underskot, IMKS (medie- og samfunn) (som ikkje har driftsmidlar) og NHS (hotellfag) (som har få studentar, noko som kan gje svak økonomi etter kvart) vonar å gå i balanse, medan IØL (økonomi) kan få stort økonomisk overskot. Sidan fakultetet no har avslutta kompetansehevingssprosjektet for helsefag er stoda no betre i IH, men ikkje bra. Ut frå personaloversikt frå personalavdelinga har dei no greidd å nå målet om reduksjon med 8 årsverk, men utfordringa er her dels at noko av dette er vakansar som må etterfyllast, og dels at det framleis er ubalanse med kvar reduksjonen har kome. Det bør fleire tilsette inn på ein-skilde stader, som sjukepleie og økonomi, og det bør verte færre på dei andre institutta. Slik sett er prosessen langt frå ferdig.

Å redusere aktivitet er den beste måten å få balanse i økonomien. Universitetsdirektøren meiner fakultetet bør setja opp ei prioritert liste over fag og emne som kan fasast ut. Fakultetet listar rett nok opp utdanningar i faresona, men det bør gjerast tydeleg i kva rekkjefølgje desse skal utfasast, og dette må vere ein del av avgjerdsgrunnlaget for stillingsreduksjon. Universitetsdirektøren er medviten om at slike prosessar heng i hop, og at fakultetet må arbeide parallelt med mange prosjekt, men det er viktig å ha ein plan som gjer personaldisponeringa så optimal som råd.

Fakultetet meiner det er råd å redusere kostnader til praksis i helsefaga, men meiner dette krev arbeid med omstilling til ein kostnad på kr 700.000. Universitetsdirektøren finn det rett å bruke omstillingsmidlar på dette, men berre på eit prosjekt som syner korleis ein kan effektivisera praksiskostnad tilsvarande 3-4 årsverk, ikkje eit prosjekt som skal vurdere om det er råd. Merk at effektiviseringa ikkje skal ta utgangspunkt i det praksis kostar i dag, men det praksis ville kosta om tre år om me held fram som i dag. Direktøren vil difor setja av kr 700.000 til eit prosjekt med mål om slik reduksjon.

Direktøren står og eit prosjekt for å redusere emneomfanget i sosialfag med 20%, slik dette er skissert i oversendinga frå fakultetet. Her er det og søkt om kr 300.000 i omstillingsmidlar, og direktøren meiner det her må gå etter same mal. Direktøren finn det rett å setja av kr 300.000 i støtte for eit prosjekt som faktisk leverer 20% reduksjon.



Universitetsdirektøren er samd med fakultetet i at det vert sett klare rammer for minimum studenttal på emne, og ventar at nedlegging på grunnlag av dette vert effektivert etter kvart.

Direktøren er og samd med fakultetet i at større sambruk av emne i mastergradar og doktorgradar er noko det må arbeidast vidare med.

Universitetsdirektøren vil rosa fakultetet for å ha betra økonomien og redusert tal tilsette. Slik sett er SV-fakultetet på rett veg i prosessen, men tykkjer det er naudsynt at fakultetet legg opp til delprosessar med klart definerte mål og milepelspunkt, i høve til dei tiltak dei skisserer for den einskilde utdanning og for samkøyring. Særleg må det leggjast vekt på å retta opp ubalansen mellom institutta.

**Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet** . Fakultetet vart utfordra på emneporteføljen, på effektivisering av laboratoria, på reduksjon gjennom naturleg avgang, og på effektivisering av administrasjonen.

Dette fakultetet har dei største økonomiske utfordringane av alle på UiS. Med eit prognostisert, akkumulert underskot på 14 millionar pr 31.12.10 (ei auke på 4 mill frå året før) må dei gjere svært omfattande grep for å koma i balanse att. Dekanen gav i fjor uttrykk for at dei måtte minst redusere med 12 årsverk, og styret har då og pålagt fakultetet å redusere med eit slikt tal. I etterkant ser ein nok at det må enno sterkare lut til, noko fakultetet sjølv og har innsett. Universitetsdirektøren ser at å koma i mål innan 01.01.13 kan verte vanskeleg, og vil kome attende til styret seinare for å drøfte særskild tidsplan for TN.

Når det gjeld emneporteføljen, rapporterer fakultetet å vera i gang med å fasa ut 42 5-stp-emner. Dette er eit steg i rett lei, men tek ein omsyn til at fakultetet bør utfasa alle desse små-emna er det urovekkjande at ei opteljing syner at dei har 175 slike små emne ( dette omfattar rett nok og dei som er på veg ut, sidan desse må vere aktive til alle studentane har fått høve til å ta kurset). Fakultetet meiner at full utfasing har og negative effektar på høve til samkøyring. Universitetsdirektøren har likevel det syn at fakultetet skal halda fram med å fjerna desse emna, for skuld effektivisering både av utdanning og vurderingssystem. Det er mogleg dette kjem av seg sjølv, for framlegget til ny rammeplan for ingeniørutdanningar som snart kjem på høyring krev sannsynlegvis at alle emne skal vere på 10 stp. Universitetsdirektøren meiner omlegginga må koma raskt, og set som mål at det skal vere høgst 20% av emna som har slik storleik innaføre rammeplana som gjeld i dag.

Når det gjeld effektivisering av laboratoria, har fakultetet gjort eit stort arbeide, og konkludert med at dei kan redusera teknisk stab frå 36 til 24, og i tillegg føra 8 av dei 24 som held fram over på eksternt finansiert verksemd som del av arbeidet med revisjon av bruk av overhead. Når dette er på plass har fakultetet kome langt i prosessen. Men dette vil ikkje gje innsparing med ein gong. Fakultetet planlegg å redusera staben med bruk av Sluttordningar. Avhengig av omfanget er det ikkje sikkert at det er sentrale omstillingsmidlar nok til dette, og sluttordningane må i så fall finansierast dels gjennom vidareføring av lønnskostnaden inn i utfasingsperioden, og dels gjennom sentrale midlar. Men om to år har fakultetet slik spart inn meir enn 10 millionar i årleg kostnad., om dei lukkast. Universitetsdirektøren stør dette tiltaket.

Naturleg avgang som metode for å redusera staben har den føremun at reduksjonen skjer utan konflikt, men den ulempe at det tidvis ikkje gjev effekt av di det må koma ein etterfølgjar for å taka i vare studium. En slik reduksjon vil vonleg gje ein netto positiv effekt om fakultetet ser det i samanheng med omstilling i porteføljen. Vidare er reduksjon av mellombels tilsette og timelærarar eit viktig grep. Fakultetet bør og vurdere utfasing av fagleg personale (mellom anna gjennom Sluttordningar) om omstilling reduserer faglege oppgåver. På fakultetet har mange det syn at frigjort tid i fagleg stab gjennom effektivisering av utdanning må nyttast til auka forskningstid, i samsvar med "pålegg frå rektor". Til det er å seia at rektor, saman med organisasjonane har som langsiktig mål at alle fagleg tilsette skal ha lik tid til forskning og undervisning. Kor langsiktig dette er, kjem an på økonomien. Ingen har difor fått slike pålegg, og TN er den eining som minst av alle har råd til slik tidsdisponering. Det er universitetsdirektøren sitt syn at fakultetet heller bør redusere samla tid til forskning noko, gjennom å leggja meir undervisning og anna arbeid på dei forskingspassive, i alle høve fram til rekneskapen syner positive tal på botnlina.

Omstilling i porteføljen er noko fakultetet bør vurdere grundig. Fakultetet har ikkje økonomisk berekraft til å ha så mange utdanningar som dei har i dag. Dekanen skriv at dei ikkje vil redusera på eksisterande tilbod på masternivå, av di dei vil utvikla seg og taka vare på det som er bra. Universitetsdirektøren har det syn at fakultetet må gå gjennom porteføljen og vurdere utdanningane opp mot kvarandre. Fakultetet har søkt om å få starte mastergrad i berekraftig energi, noko styret har støtta. Dette er ei auke i kostnad som må kompensast med innsparing andre stader. Dekanen gjev uttrykk for at denne oppstarten bør utsetjast til 2011, både ut frå økonomiske omsyn og ut frå at kompetente fagfolk er vanskelege å finne ( TN har ikkje kompetanse nok i dag) . Her står økonomi opp mot strategi. Universitetsdirektøren har det syn at sjølv om TN har plikta seg til å starta i år, er stoda i økonomien så alvorleg at utsetjing til 2011 må akseptast.

Universitetsdirektøren ventar og ein rapport innan 01.11.10 på prosessen knytt til samanslåing av institutt, både internt på fakultetet og mellom fakultet. Universitetsdirektøren merkjar seg at samanslåing av IØL og IØRP berre er lagd fram som mogleg løysing frå TN si side. Det er viktig at fakulteta er omforente i si tilnærming. Universitetsdirektøren er nøgd med at arbeidet med administrativ organisering på fakultetet er i gang, og ventar ein oppsummerande rapport innan 01.11.10.

**Oppsummering.** Universitetsdirektøren er nøgd med at det vert arbeidd målmedvite med BOfU, men peiker på følgjande viktige moment

- Det må vere god samanheng mellom strategi og BOfU-tiltak
- Sjølv om talet på tilsette er noko redusert, syner dei økonomiske prognosane at det førebels har liten effekt på økonomien
- Særleg i høve til utdanningane er det viktig å få betre innsyn i kostnadsbiletet.
- BOfU-prosjekta må ha presise mål og tidsrammer.

Universitetsdirektøren vil ut frå dei vedtak styret alt har gjort, i samvirke med leiarane for fageiningane sjå til at det vert sett opp kostnadskalkylar for alle utdanningar, med sikte på å utarbeide prioriteringslister over utdanningar. Universitetsdirektøren vil og, i samråd med leiarane, sette klåre tidsrammer for dei prosjekt som er i gang.

Direktøren vil innan 01.01.11 ha implementert dei ulike sentrale tiltak som er lista opp på side 2-3. Universitetsdirektøren ser dette i hovudsak som ei orientering til styret om korleis BOfU-arbeidet går, men legg fram ein skilde framlegg til vedtak i prinsipielt viktige saker:

#### **Framlegg til vedtak:**

Under føresetnad av at museet held rammene framover får dei tida til og med 2014 med å redusera med ytterlegare 4 faste stillingspliktingar. Skulle ramma for universitetsmuseum betra seg i perioden, kan dette revurderast. Skulle museet ikkje makta å halde rammene, må utfasinga gå raskare.

HF vert pålagd å levera ei utgreiing om organisering av alle lærarutdanningar, med fellesbruk av kurs og emne i så stor grad som råd, og i tillegg ei vurdering av organisasjonsmodell innan 01.11.10.

Styret legg ned årskurs i tysk, spansk og fransk ved UiS. Med utgangspunkt i rapport frå framandspråkmiljøet oppretter universitetsdirektøren eit prosjekt knytt til nettgrunna språkutdanning, EVU og språk som valfag for å sikra at kunnskap om feltet vert vidareført i samvirke med andre universitet.

Det vert sett av kr 700.000 til arbeid med effektivisering av praksis i helsefaga med minimum 3 stillingar, og kr 300.000 til gjennomføring av reduksjon av tal emne i sosialfag med 20%.

SV må leggja fram ei oppdatering av BOfU-tiltak pr 01.11.10, der og effekt og tidsramme er inkludert for kvart deltiltak.

TN må halda fram arbeidet med å fase ut 5-stp-emne, førebels med det mål at høgst 20% av emneporteføljen er på 5 stp innan 01.01.13.

TN skal redusere talet på tilsette knytt til laboratoria frå 36 til 24, og overføre 8 av desse 24 til ekstern finansiering innan 01.01.12.

Stavanger, 01.06.10

Per Ramvi  
universitetsdirektør

John B. Møst  
ressursdirektør

Vedlegg 1: Brev frå universitetsdirektøren til sentrale stabar, med statusrapport

Vedlegg 2: BOfU-rapport frå AM

Vedlegg 3: BOfU-rapport frå HF

Vedlegg 4: Rapport om språkfaga

Vedlegg 5: Rapport frå SV

Vedlegg 6: Rapport frå TN